

Retningsline for opptak på PPU, allmennfag

Godkjent av høgskuledirektøren 24.04.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015 og Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning av 21.12.2015.

1 Handsaming

Søklarar som blir tatt opp på praktisk-pedagogisk utdanning på bakgrunn av fullført mastergrad med minst eitt relevant fag som gir kompetanse til å undervise, får tilbod om fagdidaktikk i undervisningsfaget med flest studiepoeng. Søklarar som har eit undervisningsfag på minimum 60 studiepoeng i tillegg til masterfaget (jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova kapittel 14), kan få tilbod om ekstra spesifikk fagdidaktikk i dette faget. Dette er avhengig av om HVO gir tilbod om fagdidaktikk i faget, om søklar ønsker det og om det er praktisk mogleg.

Søklarar som blir tatt opp på praktisk-pedagogisk utdanning på bakgrunn av fullført bachelorgrad i utøvande eller skapande kunstfag (jf. Forskrift om opptak, studium og eksamen § 3.2), får tilbod om fagdidaktikk i det praktisk-estetiske faget kandidaten har 120 stp i. Dette gjeld også om dei har eit tilleggsfag utover bachelorgraden.

2 Prioritering og rangering

Ved opptak til praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfag prioriterer vi søklarar slik, innan fag Høgskulen i Volda tilbyr fagdidaktikk i:

- A. Søklarar med fullført masterstudium/hovudfag og minst to relevante undervisningsfag.
- B. Søklarar med fullført masterstudium/hovudfag med eitt relevant undervisningsfag med minst 60 studiepoeng i undervisningsfaget.
- C. Søklarar med bachelor-/cand.mag.-grad innan utøvande eller skapande kunstfag, eller idrett og kroppsøvingfag som har inntil tre praktisk-estetiske fag og minst 120 studiepoeng i eitt av desse, og har karakter C eller betre. Frå 2025 gjeld også masterkravet for dei med utdanning i praktiske og/eller estetiske fag.

Søklarar vert i tillegg rangert på grunnlag av gjennomsnittskaracter frå relevant utdanning i opptaksgrunnlaget.

Inntil 20 prosent av studieplassane vert reservert for studentar som fullfører eit gradsstudium ved Høgskulen i Volda. Desse skal rangerast på grunnlag av vekta gjennomsnittskaracter frå studiet.

3 Vedtak

Opptakskomiteen som vil bestå av oppnemnde representantar frå fagmiljøa og studieadministrasjonen, vil halde opptaksmøtet. Det er eit uttalt mål å ha møtet primo juni eller før.

I opptaksmøtet vert det bestemt kven som skal få opptak og storleiken på kvoter på dei ulike faga som tilbyr fagdidaktikk.